

lyste til de offisielle folketellingene i 1865 før konfirmasjonen, og i 1875 etter konfirmasjonen, at Knut var født i Vågå.

Dette må sies å være en klar overbevisning om Vågå som fødested.

Christianne Undset Svarstad ga i 1960 ut sin bok «Knut Hamsun og fødebygden Lom». Hun trodde på «eldre personers utsagn» i Lom, om at faren hadde oppgitt Lom som fødested i folketellingene.

født i Vågå».

Det har altså skjedd ting etter 1922.

*Birger Bostad
Bekkestua*

Årboka og Hamsun

GD fredag 4. januar: Eg ser det kan koma fleire artiklar i Årbok for Gudbrandsdalen om dette emnet, og at ein ikkje har serleg

Hamarøy i 1865 og 1875. Der står det svart på kvitt, i båtellingane, at Knut Pedersen er fødd i Vågå.

Tre gutar og ei jente er fødte i Lom og ein gut er fødd i Hamarøy. Kjelda er www.digitalarkivet.no.

Det kan ikkje vera andre enn foreldra som er kjelda til desse opplysningane, og kven vet det betre enn dei?

*Jon Preststulen
Vågå*

Januar. Om det er de muntlige overleveringene om Knut Hamsuns fødested som skal overleveres, så burde Kristian Hosar kontakta både Per Stade og Arne Strand (begge med aner på Viste i Vågå).

Andre som fortalte om historia var Jo Rustom, gjenfortalt av Ivar Vetlesæter som var nabo.

Men ellers stoler jeg på Knut Hamsuns foreldre og deres opplys

Språkåret og Det Norske Teatret

Den offisielle feiringa av Språkåret 2013 starta i Kristiansand 2. januar, der Det Norske Teatret hadde si første forestilling for hundre år sidan. Det Norske Teatret var eitt av mange resultat av den norske målreisinga etter dansketida og blei oppretta for å «føra fram spelstykke på norsk mål, normalmål eller dialekt».

Mange kan i dag ikkje forestille seg at teateroppsetjingar i lang tid berre blei framførde på dansk og helst med danske skodespelarar. Dansk var jo det offisielle skrift-

språket i Noreg heilt fram til slutten av 1800-talet - og norsk talemål eigna seg ikkje på offentlege teater-scener.

No var det ikkje slik at ein ikkje fekk norsk mål på teater før 1913 og gjennom landsmålsrørsla. Det var faktisk «bokmålet far», Knud Knudsen, som på midten av 1800-talet gjorde ein iherdig innsats for å fornorske det danske skriftspråket - ikkje minst i samband med arbeidet på Kristiania norske Theater - noko som også hadde store konsekvensar for bl.a. Henrik Ibsen sitt språk.

Forskjellen var at Knudsen valde den moderate linja med å fornorske dansken litt etter litt over lang tid, mens Aasen la fram eit

meir eller mindre heilnorsk skriftspråk med ein gong. Som vi alle veit, blei enden på historia at vi i dag har to norske skriftspråk og delvis sterke motsetnader mellom representantar for desse to målformene.

Starten for Det Norske Teatret var faktisk heller ikkje så greitt. Riksmålsrørsla hadde store problem med å akseptere at ein skulle ha teaterframføringar på landsmål, og det kom til samanstøyt og slagsmål. Det same skjedde igjen i 1948 då Det Norske Teatret framførde Peer Gynt i nynorsk omsetjing. Til og med kort tid etter krigen hadde altså språk og kultur makt til å skape strid innanfor eigne rekkjer.

Det Norske Teatret leverer kva-

litet og består den dag i dag i sitt hundrede år. Dei to skriftspråka våre består òg den dag i dag, og vi feirar bl.a. Ivar Aasen sitt tohundreårsjubileum og 201 år for Knud Knudsen.

Trass i delvis sterke frontar og meningsutvekslingar må ein kunne seie at det er god plass til mange ulike språklege og kulturelle uttrykk i Noreg, og at vi har god grunn til å markere Språkåret som «ei raus, inkluderande og samlande feiring av språklege skilnader og språkleg mangfald».

*Jens Haugan
Hamar dialekt- og mållag*